

Skal Tyrkia få erobre enda meir av



Avstanden er snaut to kilometer frå denne landsbyen like vest for Eufrat til frontlinja og det området Tyrkia har okkupert sidan august 2016. Foto: Erling Folkvord

Z'RGAN, SYRIA: Kurdarar i det nordlege Syria fryktar at landet deira blir ofra i ein hestehandel om Nato-medlemskapen til Sverige og Finland.

— **E**g er redd Tyrkia og Erdoğan seier ja til Sverige og Finland som Nato-medlemmer mot at Nato godtar ei utviding av områda Tyrkia okkuperer i Syria.

Mazlum, som er leiar i Z'rgan militære råd, ordlegg seg slik da han tar imot meg og tolken. Eg er i Nord-Syria for å forstå meir av ein av mange krigar som er usynlege i media i Noreg, og finne ut om ein slik bytehandel kan vere i emning. Korkje Mazlum eller eg trur utlevering av svenske PKK-sympatisørar er Erdoğan's hovudkrav for å sleppe Sverige og Finland inn i Nato.

Omsett til norske forhold kan vi seie at Mazlum er sjef for Heimevernet. Han lèt seg ikkje forstyrre av duren frå ein drone høgt over oss. Lyden blir borte da han tar oss med ned i eit underjordisk møte-rom. Dei siste seks åra har Mazlum sett Tyrkia okkupere det eine landområdet etter det andre i det nordlege Syria. Etter den siste invasjonen i 2019 er frontlina berre eit par kilometer frå der vi sit i småbyen Z'rgan.

KVA VIL ERDOĞAN?

1. juni talte president Erdoğan til parlamentsgruppa si. Ifølgje avisa Yeni Şafak sa han: «Vi går inn i ein ny fase for å gjennomføre avgjerda vår om å opprette ei 30 kilometer brei sikker sone langs den sørlege grensa vår. Vi vil reinse Tal Rifaat og Manbij for terroristar, og steg for steg vil vi gjere det same med andre regionar.» Dei to byane ligg vest for Eufrat. «La oss sjå kven som støttar desse legitime skritt frå Tyrkia, og kven som hindrar dei», la han til.

Heimevernssjefen i Z'rgan og andre eg møter i den sona Erdoğan enno ikkje har fått på plass, meiner at den tyrkiske presidenten bruker terroristordet for å skjule det han verkeleg er redd for: den nye samfunnsordninga i Nord- og Aust-Syria.

Kurdiske PYD (Det demokratiske einskapspartiet) starta i 2012 eit opprør mot Assad i tre små kurdiske område. I motsetnad til PKK (Kurdistan arbeidarparti), ei kurdisk rørsle som vaks fram i Tyrkia i 1970-åra, vert ikkje PYD sett på

som ein terrororganisasjon av EU og USA.

«SIKKER SONE»

Det som starta som eit spinkelt opprør, har utvikla seg mykje på ti år. I dag styrer den autonome administrasjonen i Nord- og Aust-Syria nær ein tredjedel av landområdet i Syria. PYD er det største partiet i området, og sjølv om PYD vart etablert av kurdarar, er arabarar, kurdarar og dei andre folkegruppene likestilte.

I hovudforsamlinga i FN sa Erdoğan i september 2019 at den sikre sona kan gi plass til to millionar syriske flyktningar som er i Tyrkia. Han la til at det kan bli tre millionar om sona blir utvida til 80 kilometer.

For å verne Tyrkia mot dei han kallar terroristar, bygde president Erdoğan for nokre år sidan ein fire meter høg mur langsmed den 822 kilometer lange grensa mot Syria. Barberblad-piggtråden på toppen og dei tyrkiske vaktårna hindrar at nokon tar seg over.

Korfor treng Erdoğan da ei

sikker sone på syrisk side av muren?

KRIG FOR KONTROLL

For sitt eige heimepublikum har Erdoğan dei siste åra lagt meir og meir vekt på kampen for å gjere Tyrkias makt og kontroll større. Han nemner ikkje dette når han møter media og politikarar frå andre statar.

Men heime snakkar han titt og ofte og med stor entusiasme om den nasjonale pakta – Misak-ı Milli – som general Mustafa Kemal skreiv i 1920. Kemal grunnla den moderne staten Tyrkia og tok tilnamnet Atatürk – far til alle tyrkarar. Men det store Tyrkia, som er det sentrale punktet i den nasjonale pakta, vart aldri noko av. England og Frankrike sa nei.

I ein tekst som ofte blir kalla «Erdoğan's manifest», skreiv presidenten sjølv i 2017: «Det er krystallklart: Den første verdskrigen er ikkje over enno. (...) Hovudvilkåret for kampen vår er å ikkje gløyme den nasjonale pakta.»

Krigane Erdoğan no fører i Syria og Irak, handlar ikkje om å flytte statsgrenser eller å etablere eit Stor-Tyrkia i territorial forstand, men om innverknad og kontroll – politisk, økonomisk og kulturell kontroll – over desse områda.

Dei fruktbare og oljerike områda i Nord-Syria og Nord-Irak er viktige i denne samanhengen. Viss Erdoğan tar den nasjonale pakta på alvor, veit han at ei sikker sone på 30 kilometer berre er eit lite steg på ein lang veg. Byen Mosul i Irak, som er ein del av Atatürks og Erdoğan's store Tyrkia, ligg meir enn 100 kilometer sør for statsgrensa.

Erdoğan sende i 2016 soldatar og tanks for å delta i frigjeringa av storbyen Mosul frå IS. USA sa tvert nei, men tyrkiske styrkar står framleis i Bashiqa-basen litt utanfor byen – nær grensa til dei autonome områda administrert av PYD. Ingen fryktar i dag ein tyrkisk invasjon av Mosul, men Erdoğan's krig i Nord-Irak og agitasjonen om pakta legg eit politisk